

Saman om ein god skule!

Debatten om lærarane si arbeidstid må diskuterast ut frå realitetar og målet om at vi saman skal skape den beste skulen for elevane våre.

KS Fylkesstyre i Sogn og Fjordane v/leiar Jenny Følling

Først av alt vil eg takke Gunn Marit Haugsbø, fylkesleiar i Utdanningsforbundet, for helsinga til KS sin Strategikonferanse 4. og 5. februar.

KS og Utdanningsforbundet må spele på lag når det gjeld å sette kvalitet og god skuleutvikling høgt på dagsordenen. Som fylkesleiaren i Utdanningsforbundet påpeikar, har vi god tradisjon for å samarbeide om skuleutvikling i fylket.

KS vil lytte til Utdanningsforbundet sine innspel. I debatten er det dessverre kome mange innlegg i aviser og i sosiale medium der KS sine standpunkt er forvridd til det ukjennelege. Difor nokre oppklaringar:

Endring av arbeidstidsavtalen har vore tema i lang tid. Allereie i 2004 og i 2006 var arbeidstidsavtalen eit tema på Fylkesmøtet i Sogn og Fjordane. Uttalen som Fylkesmøtet gav, var større lokalt handlingsrom når det gjeld inndeling av arbeidstid. På oppdrag frå KS har Rambøll gjennomført undersøkingar om arbeidstidsavtalen både i 2009, 2011 og 2013. Tilbakemeldingane frå skuleeigarane og skuleleiarane var klare i alle undersøkingane. Arbeidsgjevarsida ynskjer ei arbeidstidsavtale som gir :

- større fleksibilitet og større lokalt handlingsrom når det gjeld inndeling av arbeidstid
- rom for kompetanseutvikling, felles refleksjon og skuleutvikling
- rom for samarbeid mellom lærarar
- fokus på fordeling av oppgåver i staden for fordeling av tid

KS er ein politisk styrt organisasjon, og det endelege mandatet i høve arbeidstidsforhandlingane vart gitt til KS av KS sitt hovudstyre 18.09.2013.

Saka vart drøfta på KS sin Strategikonferanse og Fylkesmøte, der politikarar frå heile fylket deltok. Fylkesmøte er KS sitt høgste politisk valde organ i fylket, der mellom anna alle ordførarar inngår. Fylkesmøte gav si støtte til mandatet som er vedteke av KS Hovudstyre. Innspel i Fylkesmøte vert tatt med til Hovudstyret

KS ynskjer ei avtale som ikkje legg hindringar i vegen for skuleeigarar/skular som ynskjer å organisere arbeidet på andre måtar enn i dag. Det må bli rom for lokale tilpassingar, og meir rom for at leiarar faktisk kan utøve leiing slik det er elles i norsk arbeidsliv.

KS har ynskt at avtala skal ha ei utvida øvre ramme på læraråret. I det ligg ikkje noko krav om at lærarane skal vere på jobb utover 39 veker som i dag, heller ikkje at dei skal vere på jobb frå klokka 8 til 16. Arbeidstida må tilpassast lokalt ut frå behovet for etterutdanning, teamarbeid og organisering av skulekvardagen. Dette er i tråd med det kommunane har bede om.

Ei ny avtale er ikkje til hinder for at skulane held fram som i dag dersom kommunen synest det fungerer best. Men det vil også vere mogeleg, etter drøftingar og gode prosessar mellom lærarar og skuleleiing, å utvide læraråret med ei eller fleire veker som kan brukast til kompetanseheving,

etterutdanning og planlegging. For mange kan det vere ei god løysing å ta kompetanseheving og anna planarbeid når elevane ikkje er på skulen. Motstykket blir då færre timar kvar veke.

Vi er trygge på at det ikkje finst ein einaste skuleeigar eller skuleleiar i landet som vil bruke eit større lokalt handlingsrom til å øydelegge skulen, gjere kvaliteten ringare, eller leve i konflikt med lærarane på skulen. Tvert imot er vi overtydde om at skuleeigarane og skuleleiarane er opptekne av å skape ein best mogeleg skule, for elevar, lærarar og samfunn, akkurat som lærarane er. For at vi skal få dette til, er det viktig at KS sine standpunkt blir drøfta ut frå realitetar, og ikkje ut frå eit skremmebilete. Vi er ikkje tente med at fakta blir forvrengt, til det er skulen, elevane og lærarane altfor viktige.